

— Lagsblad —

Nr. 6

Oktober 1931

14 året

## Biskop Hognestad.

.....◆.....  
*Ja, her ein fagnaman hev falle  
her hev ein gjæving slokna av!  
Ein mann, ein nordmann  
framum alle  
hev gjenge ærefull i grav.*

*Ein bonde byrg på bispestolen  
og gløgg og greid i ord og gjærd;  
i strid og motburd logn og tolen,  
ein adelsmann i all sin ferd.*

*Ein bisp som bonde var i hugen  
som aldri hyste svik og sviht;  
men var so heil og sann og trugen,  
at livet vart eit fagert dikt.*

*Kvar fekk han dette stille velde?  
Kvar fekk han denne rike råd?  
Handagleg drakk av livsenskjelde  
og difor vart hans dag til død.*

*Si hjarterot i helg og yrke  
han rotte djupt i Flores jord,  
det gav hans ord ein heilag styrke,  
det gav hans liv den rike gror.*

*Det høge livsmål han seg sette,  
mot det han stemnde fast og fort,  
og no det segjast kan med rette:  
Her er eit edelt livsverk gjort!*

*Anders Hovden.*

Den 17de mai.

## B. u. l.

hadde sitt fyste vanlege møte etter ferien torsdag 24. sept. Styret hadde vore so hepne å få professor Gustav Indrebø til fyredrags-haldar, og han tala um målsaki idag. Han la fram dei planar Noregs Mållag arbeidde etter, og heldt fram at det var særleg gjennom politikken me måtte arbeida fram målsaki attåt sterkt opplysningsarbeid gjennom bøker og pressa, og me måtte gjera alt me kunde for dei nynorske dagbladi, so dei kunde koma til å verta store og økonomisk sjølvstendige. — Møtet hadde samla fullt hus, som ventande.

Det skulde tyda på at det er ikkje vanskeligt å samla mykje folk berre sakslista er god, og me tvilar ikkje på at styret vil gjera sitt beste. So er det då kvar einskild medlem si plikt å hjelpa til so godt dei kan. Då vil laget trivast og verta den sjølvsgdde møtestaden for landsfolket i byen.

Me vil med same minna alle um særlagi og beda dei melda seg til tenest der dei tykkjest kunna passa best. Alle særlag har gjort og gjer framleis stort og gjævt arbeid — ja, dei er so viktige at det var vel vanskeligt å driva laget utan dei.

Spellaget — med sitt ypparlege styre — har vist lite att dette året. Men me vonar at det berre har vore ei kvild til å samla krefter, og at det kjem so mykje sterkare att. Tidene er vanskelige, og det er difor ikkje so lett og liketil å arbeida fram nye tiltak. Men me må alle vera med og gjera vårt beste, og dersom nokon har nye idear eller tiltak som kunde høve for laget og arbeidet der, so må dei vera gilde og bera dei fram

her i lagsbladet. Det kunde vera forvitneligt å få igang eit saklegt ordskifte i lagsbladet um nye tiltak for laget, eller viktigaste arbeidet for laget idag. Ordet vert hermed gjeve fritt til alle lagsfolk.

---

## Årsfesten.

Laurdag 19. september hadde laget sin 31. årsfest. Det var ein all igjennom gild og hyggjeleg fest. Festnemdi hadde gjort sitt beste, og vel so det. Dei fagre dekorasjonane sette alle i den beste stemning frå fyrste stund.

Stortingsmann Rygh heldt fest-talen etterat me hadde fått steiki. Seinere veksla det med song og talar av G. Løvik, Klaus Sletten, M. Vaage, Bastian o. fl. til leiken tok til. Ut på natti kom fyrste nr. av Bondeguten, frisk og gild, ved Øystein Vaagen. Me sender vår beste takk til skredarmester W. Knudsen, som var formann i festnemdi, og me vonar at det ikkje er siste gongen me får sjå han som vert på festane våre, for då veit me dei vert gilde.

Ei særskild takk vil me senda fru Knudsen for hennars vanskelege arbeid med å gjera festen gild, og me vonar at hennars spelkunst ogso seinare må koma laget til gode.

Bastian hadde skrive ei mengd songar som slo godt an.

---

## SKOGSUS.

Hev du kjent den stille freden  
som igjennem skogen andar?  
Det er einast denne freden  
som med sjælekvild seg blandar.  
Der er stille, der er styrke,  
trøysting for dei tunge tankar. —  
Finn du meining med ditt yrke,  
livsmot enno hjå deg bankar.

Hørde du den stille susing  
som igjenom skogen sukka?  
Denne underlege brusing, — —  
sjæl på leiting etter lukka.  
Sjæl som drøymde, men som visste  
livet bert var strid og lagnad,  
trugi enno til det siste  
leite etter fred og fagnad.

Hev du høyrte dei blide tonar  
som igjenom skogen strøymer,  
kjent kor vakne vene voner  
vert når slik du gjeng og drøymer?  
Kjent kor tankar hjå deg leika  
og nytt livsmot fram seg sprengde:  
Trui sigra, voni peika  
veg å vinna det som stengde.

Hev du høyrte den stille kviskring  
når i skog du gjeng og tenkjer,  
når i lauv er vindabliskring  
og ikring deg soli blenkjer?  
Vil du finna livsens meining  
må til deg naturi tala; —  
ho gjev von og tru i eining,  
ogso trøyst som lengten svala.

Karl Myre.

## Kristiansandsferdi og Jærturen.

Stemneferdi til Noregs ungdoms-  
lag sitt årsmøte i Kristiansand 26  
—29 juni laut avlysast. Det vart  
diverre ikkje so mange som teikna  
seg til ferdi at styret våga slå fast  
med „Kong Sverre“ som dei hadde  
på hand. Likevel var det ikkje  
so få som for til stemna. Dei 5  
utsendingane reiste med privatbil,  
Leikarringen, umlag 20 mann, drog  
avgårde med Solabussen, og nokre  
reiste sjøvegen og med jernbana.  
Me kan segja at B.u.l. møtte mann-  
sterkt fram til stemna, og det var  
og gilde dagar med fint ver og  
god stemning. Bilferdi fram til  
Kristiansand er forvitnelig, og når  
ein då attåt hev godt reisefylgje,  
vert det rein festferd som ein hev  
godt av lenge.

På årsmøte gjekk alt greidt og  
rolegt, og stemna og tilstellingar  
var vellukka, som det alltid plar  
vera der Noregs ungdomslag sam-  
last. —

Jærturen som laget hadde tenkt  
å ha i juni månad, laut for skuld  
Kr.sandsferdi utsetjast til seinare.  
Turen vart utlyst til sundag 23.  
august. Det var 28 som teikna  
seg, nett mange nok til å få plass  
i Jernbanebussen. Været var ikkje  
av det beste — skya og noko  
kjøleg, men ikkje kaldare enn at  
både møyar og mannar laua seg i  
Nordsjøen ute ved Revtingen. —  
Ferdaruta vart lagd um Sola, Rev-  
tingen, Nærland, Undheim, Syn-  
nesvarden, Knudaheio og so heim-  
att um Kverneland og Sandnes.  
Ute ved Nærlandsskogen hadde  
me den fyrste kaffikvild. Guri  
Ånestad var kokka, og alle let vel  
at kaffien både smaka og gjorde  
godt. Neste stoppestad var Syn-

nesvarden. Dei fleste av oss hadde aldri vore der fyrr, og me gledde oss til den vide og storfelde utsyn yver Jæren herifrå. Diverre var det noko dimme so me fekk ikkje sjå alt me kunde set um det hadde vore klårver.

Då me hadde stoppa ei rid — glana i kikartar og fotografera ferdalaget — drog me ned til

Karte-voll der kaffikjen stod ferdigkokaog venta på oss. So kroa me oss til umkring i lœa — på høisledar, lovabrikje og sume i høistaden — og godna oss med nista. Derifrå for me til Knuhaheio og so heimatt til byen. — Alle som var med, let vel yver Jærturen. A.

## Saklista

for sept.— oktober



- 19/9: Årsfest.
- 24/9: Fyredrag av professor Gustav Indrebø: Målsaki i dag. Song av B.u.l. sitt songarlag og musikk av organist Johnsen og Lauritz Hårr.
- 27/9: Fyredrag av forfattar Ivan Faludi: Bondekulturen i Rusland og Asia. Ljosbilete Leik.
- 1/10: Fyredrag av gymnaslærar Eirik Vandvik: Vergil — 2000 års jubileum. Songøving. Upplesing av Eldar Molaug.
- 8/10: Møte for landsungdom som ikkje står tilslutta B.u.l. Stutt tale av formannen, song av songarlaget. Framsyning ved leikarringen. Bondeguten ved Tora Høgeli. Musikk. Leik i salen.
- 11/10: Tilstelling til bate for Tuberkulosesaki.
- 15/10: Ordskifte. Innleidar Ingolv Helland.
- 22/10: Jærkveld: Fyredrag med upplesing av lærar Hansen.
- 25—27/10: Spelkveldar.
- 29/10: Leikemøte. Kaffi. Bondeguten, bladstyrar O. A. Vestbø  
Inngangspengar 0,50.

Styret vil freista få til eit billeg leikskeid og eit målskeid i haust.

**Songarlaget** hev øving kvar måndag kl. 1/29.

**Leikarringen** øver kvar fredag kl. 1/29.

**Saumarlaget** hev arbeidskveld på veslesalen kvar tysdag kl. 1/29.

Dessutan hev **spellaget** jamt øvingar.

Utgjeve av Bondeungdomslaget, Stavanger.

S. Undems Boktrykkeri.

*Ingen presenter  
pryder og pynter  
som blomster fra  
Blomsterhallen*

**O. THORSNÆS**

KIRKEGATEN 42 - TELF. 3690

**Alle slags skotøi**

*Billigt og godt! Gjør et forsøk.*

**Hele Rogaland**

er firmaet

**S. Gitlesen**


— Østervaag 41 —

*kjendt som billigst i*

**Stentøi - Glas - Porselæn  
og Petroleumslamper**

**MASKIN-  
HUSET**

Indeh. Thorvald Veir  
Bredgaten 9  
Stavanger




»DURKOPP«

Drikk

Varhaug

Kulturmelk



**Foto-  
artikler**

**Fremkalding - Kopiering**

**A. T. GREVE**

Kirkegaten 8

**GODT DRIKKA!**

Hjå meg kann De få kjøpa brus, selters, boco, søt og sur  
saft, eplesoft, Vyrterøl frå Aktiebryggeriet (A. B. C.)

— Løna med fleire medaljør —

Telefon  
727 k

**GUNNAR LØVIK**

====KONGSGATA 36====


Telefon  
727 k



## Presanger! Bryllupsgaver!

Alle slags SØLVSKER og GAFLER  
moderne mønster samt  
FORLOVELSESRINGE i største utvalg  
(MALJER og NAALER til nasjonalbunad)

**Gullsmed Martin Soma**  
ARNEAKEREN TEFON 765



## NOREGS BOKLAG

Kristian den 4des gate 4  
OSLO

er no målfolks bokhandel.

*Tek imot tingingar og sender heile landet over.*

**Treng du bøker eller opplysninger um bøker, so skriv til oss.**

Å handla med sin eigen samskpnad, det er å handla med seg sjølv

## RØKEARTIKLER

bør kjøpes i en specialforretning

Vi har det største utvalg  
og priserne er rimelige

HAVANA MAGASINET <sup>A</sup>/<sub>S</sub>  
Kirkegaten 1.

## LIVSTRYGDELAGET ANDVAKE.

(Noreg – Island)

Alle slags livstrygging, gode vilkår. Andvake nyttar berre norsken i alt arbeid, og styd gode norsk målstilltak. Ålvorlege målfolk kjem difor meir og meir til det at det er til bate for både dei sjøve og saki deira å ta tryggingane sine i

**Andvake.**

Agentar i Stavanger:

Gunhild Bjerkreim, Lars Bjørheim,  
T. Goa, Alfred Løvik, Magnus Våge,

## Matstova og Kaffistovorne til BONDEUNGDOMSLAGET

er sjølv sagt rette staden for lagsfolk og andre  
som vil stetta svolten eller kvila ei stund.

Alle slags smørbrød - Varme rettar - Middag på Matstova



*Dette firma har byens største udvalg  
i slagverk og jassinstrumenter.*

*Avbetaling innrømmes*

**H. T. RUUD A.s**

*Kirkegaten 40*

**N. AARRESTAD**

**BERGELANDSGT. 20**

**TELEFON 772**

**Colonial- og  
Fedevarerforretning**

**R. G. Klovning**

Breigata 20 :: :: :: :: ::

**KOLONIAL**

Hampegarn - Bomullsgarn

SNØROR - TOGVERK

OLJEKLÆR.

**A. Mauland A/s**

*Klostergaarden*

Telefon 2645

**Elektrisk Forretning**

**Radioapparater**



Engelsmindegt. 15 — Telf. 3119

*LARS BØ*

**ELEKTRISK INSTALLATIONSFORRETNING**

**RADIO**

**A. IDSØE**

Telefon . . 102 - 458

Rigstelefon 3020 - 3089

**KJØD- OG PØLSE-  
FORRETNING :: ::**

ETABL. 1828

**OLAV HAMRE**

TELEFON 3440 — NYTORGET

**Alle slag Tobakkvaror**

Stort utval av

**Sjokolade - Drops - Frukt**

**Jonas Jørstad**

**Bokhandel**

**BRYNE**

**Postordrar**

*vert ekspedert overalt, snøgg  
og billigt.*

# Solo



Kr. 1.75 pr. kg.

Det beste

De fær for pengane!



Kr. 1.15 pr. kg.

**STAVANGER SMØRFABRIK.**